

# 1 ARBEIDSPROGRAM FOR NORSK MÅLUNGDOM 2017–2018

## 2 1 INNLEIING

3 Norsk Målungdom (NMU) skal bruke dette programmet som grunnlag i arbeidet for nynorsk, dialekt, minoritetsspråk og  
4 språkmangfald. Organisasjonen skal arbeide politisk og vere med på å utforme den norske språkpolitikken.  
5 Organisatorisk skal me arbeide for å bli større og sterkare.

## 6 2 POLITISKE PRIORITERINGAR

7 NMU skal prioritere dei fylgjande sakene i den komande perioden. Me skal også markere standpunkt i, og arbeide med  
8 andre språkpolitiske saker som blir aktuelle.

### 9 2.1 Språk i skulen og høgare utdanning

10 Skulen og dei høgare utdanningsinstitusjonane er viktige språkberarar, og fører språka våre vidare til morgondagens  
11 borgarar.

12 Me skal arbeide for at alle elevar skal sjå og bruke nynorsk i skulen. For å få til det vil me jobbe spesielt med  
13 føresetnadane for at elevane skal få god nynorskundervising. Me vil fylgje opp fjorårets kampanje «Framtidas superlærar  
14 kan nynorsk!». Dessutan skal me bu oss på komande endringar i læreplanen, og vere med i ordsiftet om  
15 karakterforsøket i norsk for å sikre god nynorskopplæring i framtida.

16 Kor mykje nynorsk og andre mindre brukte språk du ser i kvardagen, avheng mellom anna av kva språk private  
17 verksemdar og det offentlege vel å bruke. NMU skal kontakte produsentar av ulik programvare og jobbe for  
18 nynorskutgåver. I tillegg skal me kontakte skular og skuleeigarar for å få dei med på å krevje nynorskutgåver av produkt  
19 dei nyttar, som digitale læremiddel og appar.

20 NMU vil halde fram arbeidet med rettane til nynorskbrukande studentar og elevar. Me skal bleste klageportalen i kvar  
21 eksamensperiode og seie frå når universitet og høgskular ikkje gjev studentane eksamen på nynorsk. Saman med  
22 studentmållaga skal me heidre utdanningsinstitusjonar som gjer ein god jobb med nynorsk. Dessutan skal me revidere  
23 den delen av nettsidene som fortel om språkkrettane til skuleelevar.

### 24 2.2 Nynorsk mytekusar

25 Mange trur veldig mykje om nynorsk, og mykje av det dei trur er feil.

26 Difor jobbar me for å spreie kunnskap om og gode haldingar til nynorsk. For å få til dette vil me ha kampanjen «Nynorsk  
27 mytekusar» gjennom heile perioden, der me vil engasjere lokallaga, reise på målferd og utarbeide tilfang. Me vil lage ei  
28 eiga nettside med nynorskmytar som kan vere ein ressurs for haldningsarbeid. I samband med stortingsvalet og  
29 skuledebattane skal me skulere elevmållaga til å utfordre ungdomspolitikarane på språkpolitikk og knuse mytane  
30 enkelte har om nynorsk. Dessutan vil me halde fram arbeidet med å få ungdomspartia og vaksenpartia til å vedta best  
31 mogleg språkpolitikk, både før og etter valet.

## 32 3 ORGANISASJONSUTVIKLING

33 Di større organisasjonen er, di meir får me gjort for språkmangfaldet. Ved å rekruttere fleire medlemmer skapar me meir  
34 lokal aktivitet og byggjer organisasjonen nedanfrå.

### 35 3.1 Medlemsvekst

36 NMU skal ha 1 100 medlemmer under 26 år ved utgangen av 2017. For å oppnå dette skal me ha ein vervekampanje ved  
37 skulestart, og i samband med denne skal me ha skulestartaksjonar.

### 38 3.2 Lokallaga

39 Lokallaga er grunnsteinen i organisasjonen, og aktive lokallag gjer det enklare å vere nynorskbrukar lokalt. NMU har  
40 tilsett ein reiseskrivar for å få fleire og meir aktive lokallag. Me skal ha 24 lokallag ved årsslutt 2017. I denne perioden  
41 prioriterer me område der me skal reise på Nynorskstafetten, og randsoner som Valdres, Hallingdal og områda kring  
42 Bergen .

43 Reiseskrivaren skal leggje til rette for at alle lokallaga skal ha minst éin aktivitet i løpet av året, i tillegg til årsmøtet.  
44 Sentrallekken skal vitje alle lokallaga minst to gongar i arbeidsåret. Det er eit mål at alle lokallaga skal ha bankkonto før  
45 årsslutt.

46 Sentrallekken skal skipe til ei lokallagssamling dersom ein finn midlar til det. Samlinga er særleg tiltenkt styra i  
47 lokallaga, men også for andre medlemmer. Der skal det vere mest vekt på det praktiske lokallagsarbeidet, men òg  
48 skulering i politikk og ideologi. Reiseskrivaren har hovudansvaret for tilskipinga saman med sentralstyret.

### 49 **3.3 Tilskipingar**

50 I perioden skal me skipe til sumarleir, haustkonferanse og vinterleir. Lokallag som ynskjer å arrangere eigne tilskipingar  
51 skal få hjelp til det dersom dei treng det. På alle tilskipingar skal me ha skulering, slik at medlemmer får ny giv til å arbeide  
52 for nynorsken og politikken vår.

### 53 **3.4 Dialektprisen**

54 Om hausten skal landsstyret dele ut Dialektprisen til eit godt dialektføredøme for ungdom.

### 55 **3.5 Målferd**

56 NMU skal arbeide for at ungdom lærer meir om den norske språksituasjonen. Det nye sentralstyret skal lærast opp i det  
57 nye målferdsopplegget.

58 Me skal ha minst 110 målferdsøker i løpet av perioden. Målferdene skal fordelast på ulike landsdelar. Dette arbeidsåret  
59 skal sentralstyret prioritere reiseruter som passar til Nynorskstafetten og kampanjen «Nynorsk myteknusar».

### 60 **3.6 Synleggjering av organisasjonen**

61 NMU skal skape merksemd og ordscliffe kring dei politiske prioriteringane våre. Me set som mål å ha utspel i media kvar  
62 veke. Me vil også synleggjere at me støttar andre mindretalsspråk som samisk og kvensk. Me skal halde fram med å  
63 krevje fleirspråkleg skilting, og vil heidre kommunar som vedtek samisk og kvensk kommunenamn.

64 Skrivarstova skal kontinuerleg nytte Facebook, Twitter, Snapchat og Instagram til å oppdatere medlemene om aktuelle  
65 nyhende, og skal lage ein strategi for arbeidet med sosiale medium. Skrivarstova skal sende ut nyhendebrev på e-post  
66 når det er noko nytt å melde om. Motmæle skal komme ut fire gonger i året, og dei siste utgåvene av Motmæle skal  
67 leggjast ut digitalt på nett. Sentralstyret skal oppdatere flygeblada våre og tekstane på nettsida.

68 Tiandeklassingar i nynorskområde skal få informasjon om NMU og flygeblad som oppmodar dei om å halde på nynorsk  
69 som hovudmål. Medlemmer i typisk fyrsteårsstudentalder skal få tilsendt informasjon om studentmållaga.

### 70 **3.8 Samarbeid med andre organisasjonar**

71 NMU skal vere ein kunnskapsbank for ungdomsparti og andre organisasjonar. Me skal vitje relevante tilskipingar, og  
72 elles hjelpe dei som ynskjer det med å utvikle god språkpolitikk. Me vil samarbeide med Pedagogstudentane og  
73 Elevorganisasjonen om å fylgje opp kampanjen «Framtidas superlærer kan nynorsk!».

### 74 **3.9 Administrasjon og digitalisering**

75 Det er eit mål å gjere administrasjonen enklare, slik at me kan bruke meir tid på politikk og organisasjonsbygging. Me  
76 skal bytte ut datasystemet vårt, og me må nytte tid på å setje oss inn i det nye systemet. Me vil lage ein dokumentbank  
77 på nettsida der lokallag og medlemmer kan finne relevante skjema. Dessutan vil me lage ei Frifond-side på nettsida vår,  
78 der me kan leggje ut gode Frifondtiltak og informasjon. Me vil greie ut korleis me kan få eit samla digitalt system for  
79 arkivering av både brevpost og e-post.

80 Sentralstyret skal greie ut måten me organiserer økonomiarbeidet på, og sjå om me finn andre måtar å organisere  
81 særleg føringa på. Denne utgreiinga skal vere klar til landsstyremøtet i november. Me skal greie ut korleis det fyrste året  
82 med reiseskrivar har vore og kva mål me har nådd.

### 83 **3.10 Dokumentasjon av organisasjonen**

84 I perioden vil me halde fram med å dokumentere organisasjonen fram mot 60-årsjubileet i 2021. Me vil take kontakt med  
85 ulike arkiv for å finne gode måtar å take vare på og systematisere arkivet vårt. Motmæle skal byrje å intervju tidlegare  
86 NMU-arar om NMU på deira tid. Me vil undersøke om og korleis me kan få eit masterstipend til studentar som vil arbeide  
87 med historia vår.

### 88 **3.11 Utval**

89 Landsstyret skal setje ned og konkretisere mandat for desse utvala:

90 - Bladstyret har ansvar for å gje ut og skaffe innkomer til Motmæle.

91 - Mållagsnemnda skal gå gjennom Noregs Mållag (NM) sine sentrale dokument, slik at NMU kan kome med framlegg til  
92 forbetringar på NM sitt landsmøte i 2018.